

Program Norheimsund kyrkje 22.01.2023 kl.18.00**NYTTÅRSKONSERT MED EKKO AV JUL
ved Hardangerkoret & dirigent Per Oddvar Hildre (Prots)**

Stewart Barry- kontrabass, Per Arild Skorgen- piano, Arild B.Nielsen- trompet, lur og perkusjon.

Stønad frå Aktivitetsmidler for kor.

Billetter: Vaksne kr.250,- / Studentar kr.100,- / Born fri entré

Programmet vert henta frå denne repertoarlista:

| | | |
|--|--------|------|
| Vilar glad | Ab | |
| Abide with me | Bb/ Eb | solo |
| Den fyrste song | C | solo |
| Kärlekens tid | Eb | |
| Ein fin liten blome (allsong, sjå bakside av program) | | |

Solist og band

| | | |
|----------------------------------|------|--|
| Det hev ei rosa sprunge | F | |
| No kimar det til julefest | Eb | |
| Deilig er den himmel blå | D/ F | |
| Sov no Maja mor | F | |

Solist og band

| | | |
|---------------------------|--|------|
| Walk in the light | | solo |
| Just a closer walk | | solo |
| I surrender all | | solo |

EIN FIN LITEN BLOME I SKOGEN EG SER

Svensk folketone kjend frå 1890 / Anders Hovden 1927 / M: Bjørn Eidsvåg 1969

Alle: **Ein fin liten blome i skogen eg ser,
i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter.
Han står der så liten og blyg.**

Herrer: **Sei, ottast du ikkje i skogen stå gøymd
der skuggane tyngja deg må?**

Damer: **Å nei, for av Herren eg aldri vert gløymd,
til ringaste blom vil han sjå.**

Herrer: **Men ynskjer du ikkje i prydhagen stå,
der folk kunne skoda på deg?**

Damer: **Å nei, eg trivst best mellom ringe og små,
eg føddest til skogblome, eg.**

Herrer: **Ein dag vil den stormande vinter deg nå,
då vert det vel dødsdagen din.**

Damer: **Då kviler eg lunt og har snøkåpa på,
til vårsola kysser mitt kinn.**

Alle: **Eit bod frå min Herre du blome meg ber:
om einsleg eg vert på min veg,
så veit eg at Herren vil vera meg nær,
Gud Fader, han vernar òg meg.**

DEN FYRSTE SONG Tekst: Per Sivle mel. : Lars Sørås Allsong, dersom Prots inviterer

*Intro - Kor og orkester-

Alle: **Den fyrste song eg høyra fekk var mor sin song ved vogga.
Dei mjuke ord til hjarta gjekk dei kunne gråten stogga.**

Kor: **Dei sulla meg så underleg så stilt og mjukt te sova
dei synte meg ein fager veg opp frå vår vesle stova**

Alle: **Den vegen ser eg enno tidt når eg får auga kvila,
der stend ein engel smiler blidt som berre ei kan smila.**

*Instrumental

**Og når eg sliten trøytnar av i strid mot alt som veilar,
eg høyrer stilt frå mor si grav den song som all ting heilar**